



Fred Olsen MS BRAEMAR gjennom Storsund i kveld med destinasjon Olden i morgon.

**Cruisebåtsesongen er ikkje over. Det var meldt inn i overkant av 25 anløp til Rosendal denne sommaren og av desse er det fem anløp som står att på på lista. Nokre av skipa i mellomstorleiken går gjennom Storsund. Dette gjeld særleg på seglasen ut fjorden på ettermiddagen og kvelden. Fred Olsen sitt cruiseskip MS BRAEMAR passerte Uskedalen i kveld i 18.30 tida. Skipet hadde eit kort stopp i Rosendal og plukka opp passasjerar som kom med buss frå Eidfjord.**

Det har vore ein god sommar for alle i Uskedalen med maritime interesserer, særleg dersom ein bur til fjorden og får med seg dei mange og ulike farkostane på sjøen. Det heile starta med STATSRAAD LEHMKUHL og Kongeskipet NORGE i mai. Seinare har det vore mykje vakkert å sjå i Storsund, alt frå veteranbåtar, seglfarty, cruiseskip til yachtar i luksusklassen.

Fred Olsen sin BRAEMAR hadde avgang Eidfjord i 13 tida i dag. Skipet var ikkje på lista av innmelde skip til Rosendal i dag og hadde difor berre ein kort stopp for å ta med passasjerar. Turen går vidare med destinasjon Olden i morgon.

MS BRAEMAR på 30000 DWT går med Bahamas flagg og har heimehamn i Nassau. Skipet er bygd i 1993 og har norskekysten og fjordane som turmål kvar sommar. Mange hugsar Fred Olsen sine skip med kvit skuteside. Frå 2016 fekk alle skipa blåfargen i skutesida, men med kvitt overbygg som før.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs



Ugla i Øredalen likar det ho ser segla forbi på Storsund. Skonnerten SVANEN.